

Notat

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
076	16/3133-7	16978/16	03.11.2016

Retningslinjer for kulturpris **Retningslinjer for tildeling av kulturpris**

Sogndal kommune kan kvart år dele ut ein kulturpris. Føremålet med kulturprisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i kommunen, og den skal tena som ein honnør for særleg innsats - til beste for kulturlivet i kommunen.

Målgruppe

Innbyggjarar i Sogndal kommune

Vilkår

Føremålet med kulturprisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i Sogndal kommune. Den skal tene som ein honnør for særleg innsats og til vidare inspirasjon – til beste for kulturlivet i kommunen. Kulturprisen skal tildelast ein person, ei gruppe eller eit lag som har lagt ned ein stor innsats for kulturarbeidet i kommunen.

Etter utlysing i pressa skal innbyggjarane i kommunen innan ein fastsett tidsfrist kunne kome med grunngjevne framlegg på kandidatar til kulturprisen. Velferd- oppvekst- og kulturutvalet kan og sjølve kome med framlegg på kandidatar.

Handsaming

Politisk handsaming i velferd- oppvekst- og kulturutvalet.

Handsamingstid

2 månader.

Prisen vert delt ut i samband med kommunestyret sitt møte i desember.

Søknadsfrist

Oppmoding om å kome med framlegg på kandidatar til kulturprisen vert kunngjort rundt 5. oktober samstundes med ungdomsstipend, med søknadsfrist 1. november.